

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 180/2024

2024/EØS/76/32

av 5. juli 2024

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire
fridommene**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 86 og 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Samarbeidet mellom partane i EØS-avtala bør utvidast til å gjelde europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2022/2370 av 23. november 2022 om endring av forordning (EF) nr. 851/2004 om skiping av eit europeisk senter for førebygging av og kontroll med sjukdommar⁽¹⁾.
- 2) Protokoll 31 til EØS-avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I strekpunktet (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 851/2004) i artikkel 16 nr. 4 bokstav a) i protokoll 31 til EØS-avtala vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32022 R 2370:** Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2022/2370 av 23. november 2022 (EUT L 314 av 6.12.2022, s. 1).”

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 5. juli 2024.

For EØS-komiteen

Anders H. Eide

Formann

⁽¹⁾ TEU L 314 av 6.12.2022, s. 1.

^(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.